

## Føredragshaldar og musikarar:



**Øyvind Østerud** er professor i statsvitskap ved UiO og har internasjonale konfliktstudier som spesialområde. Han har mellom anna forska på og skrive om demokrati, styreform og regimeendring. Han var også leiar for makt- og demokratiutreiinga i 1998–2003. I sitt føredrag vil han snakka om demokratiet og den offentlege samtalen si stilling i den noverande internasjonale krisa.



**Ebba Boye** er samfunnsøkonom og tidlegare leiar for Rethinking Economics Norge. Ho arbeider også som skribent og føredragshaldar, har m.a. hatt fast økonomispalte i Klassekampen. I sitt føredrag skal ho snakka om behovet for fornying i økonomifaget. Ho vil visa døme på at økonomifaget i lang tid har synt manglande vilje til å tenkja kritisk om innarbeida teoriar i tider med nye utfordringar, som t.d. finanskrisa i 2008, klimakrisa og ikkje minst korona-pandemien.



**Marianne Marthinsen** er stortingspolitikar for Arbeiderpartiet og representant for Oslo. I fjor gav ho ut boka «Rødt lys – Det store skatteranet og hvordan vi kan stoppe det» der ho mellom anna påpeika det store gapet mellom ekspertar på skatteflukt og dei som deltek i samfunnsdebatten. I sitt føredrag vil ho snakka om kva som skjer når fellesskapet vert utfordra av at nokon har så mykje ressursar at reglane ikkje gjeld for dei.



**Kristoffer Chelsom Vogt** er førsteamanuensis ved sosiologisk institutt ved UiB, og har forska på praktisk orienterte ungdommar sine vegar gjennom utdanningssystemet, og kva tyding sosial bakgrunn, familie og kjønn har for livsløp i arbeidslivet. Han er ein aktiv samfunnsdebattant, og han var medlem av Ungidag-utvalet, som i 2019 leverte ein NOU om likestillingsutfordringar. På seminaret skal han snakka om uheldige konsekvensar av deler av utdanningspolitikken, og knyta dette til korleis ulike typar kunnskap og arbeid er verdsett.



**Julie Wilhelmsen** er seniorforskar ved NUPI, og ho er statsvitar med kritiske sikkerheitsstudie som spesialområde. Ho forskar på russisk utanriks- og sikkerheitspolitikk, inkludert utviklinga i Nord-Kaukasus. I 2014–15 var ho med i regjeringa si ekspertgruppe om forsvaret av Noreg. Ho er ein aktiv deltakar i den offentlege debatten om internasjonal politikk.



**Gabriel Fliflet og Ole Hamre** skal ha konsert på tampen av seminardagen på laurdag. Dei folkekjære bergensmusikarane har ei særmerkt blanding av tradisjonell og moderne musikk, full av liv og kreativitet. På Skjervheimseminaret gir dei alt!